



Til Ordførarane i Lindås, Meland og Radøy

21.07.2017

Det er no vedtatt og bestemt at kommunane Lindås, Meland og Radøy byggjer ein ny kommune og vert frå 1/1-2020 Alver Kommune.

Fagforbundet Lindås, Meland og Radøy har ca. 1800 medlemmer der ca. 1100 er yrkesaktive medlemmer.

Fagforbundet ynskjer å delta aktivt og konstruktivt i prosessen med å slå saman kommunane.

Vår agenda er open og klar. Me vil og skal ivareta våre medlemmer i prosessen som me no går inn i. Våre medlemmer ynskjer å kunne gje gode tenester og service til innbyggjarane og brukarane av dei kommunale tenestene.

Me har etter at vedtaka om samanslåing vart fatta fått fleire henvendingar frå våre medlemmer som er uroa for at kommunane kvar for seg gjer vedtak om omfattande investeringar. Fagforbundet er ikkje imot at det vert gjort investeringar, men vårt ynskje er at kommunane alt no startar å samordne sine investeringar i til dømes Fellesnemda. Dette for å unngå at det som eit resultat av dette må kuttast i teneste tilbudet og reduserast i bemanning.

Mvh

Fagforbundet Lindås

Fagforbundet Meland

Fagforbundet Radøy

Pål Inge Fosse Hopland

Anette Tangen Fredriksen

Thormod Bendiksen

Leiar

Leiar

Leiar